


# Paraguay - Posten



## Paso-Cadena nytt

\*\*\*\*\*  
Fam. Bjørnevoll/H.M. Rasmussen, Casilla de correo 1559, Asunción, PARAGUAY  
\*\*\*\*\*

Desember 1991

GOD JUL OG GODT NYTT ÅR!

Det lit til jul, og me skal sende denne helsingga til så mange som råd av kjende og ukjende misjonsvener der heime i Noreg. Ein del vil vel reagere på den nye forma informasjonsbrevet har fått. Grunnen er enkelt den at som fam. Bjørnevoll brukte me i alle år å kalla informasjonsbrevna våre "PARAGUAY-POSTEN". Frå no av, og så lenge me er knytta til arbeidet i Paso Cadena, vert det kombinert med PASO-CADENA NYTT.

Teikninga over skal visa lokalitetane der me bur og arbeider. Dei fleste veit kanskje at hovudstaden her i landet er Asunción. Omlag 60 kilometer austanfor den, ligg byen Caacupe. Der bur også fam. Bjørnevoll. Dette er fordi mykje av arbeid er å ha kontakt med styresmaktene, for utan samarbeid med forskjellige personar innan helsestell og undervisning, er det vanskelig å arbeide. Og ein annan ting som må vera gledelig for alle gamle Paso venner: Der er ikkje plass for fleire misjonærar der oppe!

På stasjonen arbeider no desse:

Henny Marie Rasmussen: misjonær utsendt frå Notodden, jordmor og sjukesøster. Ho kom ut til 3. periode i september 1991. Og ho er eit bønesvar på stasjonen, først og fremst som forsterkning i sjukearbeidet, men og i det åndelige.

Mirian og Alfredo Saucedo, paraguayere. Ho er utdanna sjukesøster og oppvakser på barneheimen i Ypacarai. Han er "altmuligmann" og har ansvaret for mykje av det praktiske på stasjonen. Dei starta i april 1991 i Paso.



Rosa, Eulalio (Lalo) og resten av familien Garcete har vore i Paso Cadena i mange år. Ho er utdanna lærar og er skulestyraren vår, lønna av den paraguayske staten. Han er ufaglært lærar, og er forstander for menigheten fram til nyttår. Neste år vil han bruka all si tid i skulen. (Dei er paraguayere).

Ved sida av dette er der to ufaglærte lærarar som er indianarar. Der har vore ei indianerkone som har vore hjelp på sjukestova. Men ho er flytta no. Sameleis vil den eine indianerlæraren slutta. Han vil gå vidare på skule og få seg lærarutdanning. Me treng derfor fleire nye indianermedarbeidarar neste år. VER MED OSS OG BED OM AT DEI RETTE FOLKA MÅ KOMA, OG PÅ RETT Plass...

På slutten av dette året har me førebudt litt omlegging av arbeidet på stasjonen. I første omgang får skulen, sjukestova og "stasjonsadministrasjonen" eigne budsjettt og styring over eigne pengar. Det vil seia at dei må føra eigne rekneskavar over pengar dei får overført. De må skrive ein rapport om aktiviteten sin kvart kvartal. Me vonar derfor på å få ut informasjon i april (1. kvartal), juli (2. kvartal) osv. Vonar og på å få ut eit rundskriv i slutten på januar 1992 med informasjon om året som no går mot slutten. Eg som skriv dette (Inge Bjørnevoll) kom ut med familien i oktober 1991, og skal vera koordinator for eit NORAD-støtta prosjekt som går ut på m.a. å få staten meir inn i det sosiale arbeidet. Me har enno ikkje ferdig alle våre papirer. (Henny Marie jobbar med det same). Ein del ting ser ut til å ta lenger tid no enn før. Me driv enno med etableringa i misjonsbustaden i Caacupe. Vonar å få telefonen i drift på nyåret m.m.. Eg har elles vore ein heil del i Paso der det var mykje vedlikeholdsarbeid å gjera. No er vatnet nokonlunde i orden, lyset går bra, og mykje av det huset vennane i Seattle gav, er pussa opp. Det har og gått mykje pengar på bilen, og meir må til, sjølv om det er meininga å kjøpe ny bil neste år. Den nye vil etter planen verta disponert av dei i Paso. Den gamle vil verta den eg sakl bruka til og frå skogen m.a..

I morgon 09.12. skal eg ha kontakt med det nasjonale el-verket om å få elektrisk straum til Paso. Det går no kraftline ca 2 km frå stasjonen. Ein del kvegfarmarar i området arbeider for å få utbygt lys på farmane sine. Eg vil undersøkje kva det vil koste for oss å få lys med det same. Svar på det vonar eg å få med i neste brev. Nett no er berre fam. Garcete i Paso. Mirian og Alfredo ventar sitt første barn i desse dager, og vert her nede til omlag ut januar. Henny Marie jobbar med papira sine. Det er meininga at ho og fam. Bjørnevoll skal vera i Paso i jula. Eg vonar å få reist oppover med eit lass på bilen i morgon. Det ser ut til regn, og det stopper alltid en reise. Skal så nedover så snart som råd for å henta dei andre som skal vera der opp i jula.

Så sender me "Paso-folket" dei beste helsingar til alle dykk der heime i Noreg. Takk for at de har stått med i arbeidet i forbøn og offer intil no. Gud sign den einskilde. Og vel møtt til eit nytt samarbeidsår om Guds sak her ute i 1992.


Med hilsen

Fam. Garcete, Fam. Saucedo, H. M. Rasmussen, Fam. Bjørnevoll

Undertegnede fortsetter som kontakt i Norge, og Brit-Lajla og jeg vil takke alle for all støtte i 1991. Det er ikke vår sak, men Herrens og det gjelder å bringe de gode nyheter til indianerne i Paraguay! Vi ønsker dere alle en velsignet julehelg, og et rikt nytt år!

Pengeforsendelse:  
Postgiro 0824 0103797  
Paso Cadena, Paraguay  
Paul Tysland  
Betzy Kjeldsbergsgt. 2

4030-HINNA



Rudolf Leif Larsen  
Nordlivn. 49  
3250-Larvik  
Tel. 034-14159